

Utkast til søknad - Kari 07.01

Kva består samarbeidet av?

Nordhordlandprosjektet går no i ei ny fase, der prosjektet blir utvida til å gjelde 7 nye kommunar, jfr tillegg og presieringar i regelverket for tilskotsordninga. I alt er då 17 av 23 kommunar i vårt nedslagsfelt (jfr helse Bergen) med vidare.

Auke i innbyggertal frå omtrent 48 000 til

Dei 17 kommunane vil samarbeide i prosjektet, med Masfjorden kommune som ansvarleg instans. Samarbeidet vil omhandle kartlegging av felles behov og utfordringar i alle kommunane, for å kunne implementere velferdsteknologiske løysingar innan 2020. For å sikre samarbeid og inkludering av alle kommunane i prosjektet er det etablert både prosjektgruppe, styringsgruppe og arbeidsgrupper. For dei 10 kommunane som var med frå starten ligg det føre samarbeidsavtale med ansvarleg kommune. Det er utarbeida ny revidert samarbeidsavtale som skal gjelda alle dei 17 kommunane.

Nye og eksisterande kommunar i prosjektet vil ha noko ulik ståstad i 2019. Bergen og Lindås er blant dei kommunane som har etablert velferdsteknologi inn i drift og tenestetilbod. Erfaringane frå desse kommunane blir nytta i vidare arbeid. Det skal jobbast mot felles mål og harmonisering av tiltak, slik at alle kommunane i prosjektet har tatt i bruk og implementert velferdsteknologi innan 2020.

Samarbeidet vil bestå i deling og spreing av kompetanse slik at alle kommunane i prosjektet har tatt i bruk og implementert velferdsteknologi innan 2020 jf. nasjonale mål. USHT Hordaland er samarbeidspart i prosjektet, og står sentralt for tenesteutvikling og innovasjon på tvers av kommunane, og vil bistå i dette arbeidet gjennom eksisterande nettverk og samarbeidspartar. Alle kommunane i prosjektet er einige om felles strategi og arbeidsmetodikk, og vil bistå med erfaringsformidling mellom kommunane. Alle kommunane vil arbeide med organisatoriske utfordringar som forutsetnad for å lykkast med dei teknologiske løysingane, men innhaldet i løysingane for dei deltakande kommunane er ulike. Erfaringane i Nordhordlandsprosjektet som starta opp i 2017 vil ha stor overføringsverdi til dei nye kommunane i prosjektet.

Kort skildring

Nordhordlandsprosjektet -saman om velferdsteknologi starta opp i 2017 med 10 kommunar i Nordhordland. Etter oppfordring frå Nasjonalt velferdsteknologiprogram inviterte Nordhordlandsprosjektet andre kommunar i Hordaland inn i Nordhordlandsprosjektet, og prosjektet er då utvida til å gjelde 17 kommunar.

Alle kommunane skal samarbeide om løysingar og implementering av velferdsteknologi, i samarbeid med USHT i Hordaland. Prosjektet bistår og med erfaringsformidling til fylket og landet. Viser og til søknad 2017

Bakgrunn for prosjektet

Demografiske utfordringar vil medføre at kommunane må setje i verk tiltak for å utvikle berekraftige helse- og omsorgstenester til innbyggjarane sine. Implementering av velferdsteknologi er eit verktoy som kan brukast for gjere kommunane i stand til å møte

framtidige behov, samt å nå målet til det nasjonale velferdsteknologiprogrammet om å implementere velferdsteknologi i alle kommunar innan 2020.

Kommunane i Nordhordland har lang erfaring med samarbeid og utvikling. Vi ser at dette samarbeidet kan utviklast og inkludere andre kommunar i fylket.

Målet til prosjektet er å løfte alle kommunane i prosjektet slik at velferdsteknologi blir ein del av dei heilskaplege helse- og omsorgstenestene. Gjennom samarbeid kan ein utveksle kompetanse og erfaringar frå andre, og USHT Hordaland. Lindås (Stord, Bergen) kommune er og ein ressurskommune i dette prosjektet. Viser òg til søknad for 2017 og 2018, og heimesida til Nordhordlandsprosjektet - saman om velferdsteknolog www.nordhordlandsprosjektet.no

Målene for året dere søker om tilskudd

Mål 1

Forankring i alle ledd, politisk, administrativt, til tenesteytarar, i brukarorganisasjonar og til innbyggjarar

Mål 2

Velferdsteknologi skal vere del av dei heilskaplege helse- og omsorgstenestene i alle kommunane innan 2020

Mål 3

Innføre velferdsteknologiske løysingar i ordinær drift for alle kommunar i løpet av 2020

Mål 4

Bidra til spreiding av erfaring med implementering av velferdsteknologi i Hordaland og landet

Mål 5

Bidra til innovasjon og tenesteutvikling i fylket

Mål 6

Utarbeide ein felles kompetanse- og opplæringsplan for kommunane som deltek i prosjektet

Mål 7

Etablere samarbeid og brukarmedverknad på både individ- og systemnivå

Mål 8

Få fokus på og kompetanse i gevinstrealisering i alle kommunane

Mål 9

Kunnskap om velferdsteknologi som vil medverke til tenesteinnovasjon i praksis

Metodar, kunnskap eller erfaring

Prosjektet nyttiggjer seg av erfaringar som Lindås kommune har fått gjennom "sluttføring av Lindås-prosjektet". Prosjektet bygger og på vegkartet som er beskrive i vegkart for tenesteinnovasjon og dei føringar som ligg til grunn for utrulling av velferdsteknologiens ABC. Prosjektet samarbeider og med Høgskulen på Vestlandet. Prosjektet nyttar og helsedirektoratet sitt konsulentfirma PA - consulting til prosessretteiing. For å sikre brukarmedverknad har prosjektet brukarrepresentantar både på systemnivå og lokalt i dei enkelte kommunar. Utgangspunktet for prosjektet er å utvikle gode tenester for brukar, der brukarperspektivet blir ivareteke gjennom hele prosessen. Prosjektet har og verdi orda; "tryggleik, meistring og fridom" for å sikre brukarfokus. Vi vil i prosjektet basere oss på effektar som er dokumenterte gjennom nasjonale rapportar om gevinstrealisering. Vi ta 0-punktskartlegging og ta i bruk verktøy og systematisk måle effekt av implementering av velferdsteknologi.

Teknologi som vert satsa på er hovudsakleg tryggleiksskapande teknologi jf.. det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Dei 10 kommunane som har vore med i Nordhordlandsprosjektet har gjennomført ei anskaffing av velferdsteknologi i lag med Os, Fusa og Austevoll. Dei nye kommunane som er tatt inn i prosjektet og ikkje har anskaffa teknologi vil støtte seg på erfaringar frå dei 10 kommunane, og sjølv anskaffe ut frå eigne behov.

Tiltaks- og framdriftsplan for året de søker tilskot for

Tiltak 1

Månad Tiltak

Januar Forankring og utarbeiding av samarbeidsavtale for nye kommunar i Nordhordlandsprosjektet.

Tiltak 2

Månad Tiltak

Januar Oppfølging av kontrakt/leverandør i eige prosjekt med eiga prosjektgruppe – gjennom heile året

Tiltak 3

Månad Tiltak

Januar Forankring gjennom informasjon og kompetanseheving: informasjon til kommunestyre, brukarorganisasjonar, konferanse for leiarar, lokale arbeidsseminar tverrfagleg samansett i alle kommunar, workshops, informasjon på heimeside/facebook-side -gjennom heile året.

Tiltak 4

Månad Tiltak

Januar Sluttføre anbod for 10 kommunar

Tiltak 5

Månad Tiltak

Januar Opplæring tilsette og nye kommunar gjennom velferdsteknologiens ABC, vidareutdanningar, workshops med PA Consulting og andre temabaserte workshops - gjennom heile året

Tiltak 6

Månad Tiltak

Januar Kulturendring og endringsprosessar i høve organisasjonsutvikling og nye tenester som skal etablerast i kommunane - gjennom heile året

Tiltak 7

Månad Tiltak

Januar Erfaringsspreiingsspreiing: delta på konferansar, seminar, utdanningsinstitusjonar, nettverk, workshops, media osv. - gjennom heile året

Tiltak 8

Månad Tiltak

Januar Innovasjons- og tenesteutvikling: dele erfaringar og dokument med andre gjennom nettside og deltaking på aktuelle arrangement, samt å invitere til/delta i samarbeid og erfaringsdeling med andre prosjekt og samlingar i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet – gjennom heile året

Tiltak 9

Månad Tiltak

Januar Delta i ulike nettverk som er på tvers av sektorar, og ha fokus på buevne og tverrfagleg samarbeid - gjennom heile året

Tiltak 10

Månad Tiltak

Januar Sette i verk tiltak som bidrar til at innbyggjarar/brukarar kan bu lengre heime med ulike sjukdommar og funksjonsnedsetjing - gjennom heile året

Tiltak 11

Månad Tiltak

Mars Workshop brukarmedverknad for lag og brukarorganisasjonar og frivilligsentralar

Tiltak 12

Månad Tiltak

Mars oppstart installering av velferdsteknologiske løysningar i 10 kommunar – gjennom heile året

Tiltak 13

Månad Tiltak

April Kartlegge opplæringsbehov i nye kommunar i prosjektet, og utarbeide kompetanseplan i lag med den enkelte kommune

Tiltak 14

Månad Tiltak

September Workshop nettverksleiarar. Delta i ulike nettverk som er på tvers av sektorar og ha fokus på buevne og tverrfagleg samarbeid

Tiltak 15

Månad Tiltak

Oktober Workshop gevinstrealisering

Risikofaktorar**Risikofaktor 1**

Anskaffingsprosess og oppfylging kontrakt/leverandør er krevjande og tar mykje tid, dette kan føre til utfordring i høve å nå måla

Risikofaktor 2

Viss kommunane utviklar seg i ulik retning, dei prioriterer ulikt, det er endringsvegring, dei vel ulike satsingar og ikkje blir samde om felles framdrift undervegs

Risikofaktor 3

At det kjem nye kommunar inn i prosjektet, gjer at kommunane i større grad er på ulikt nivå og har ulike behov

Risikofaktor 4

Tverretatleg og tverrfagleg samarbeid kan føre til uforutsette utfordringar

Kontrolltiltak

Kommunen følgjer vedtekne retningslinjer for handtering av prosjekt, økonomi og budsjett. I tillegg vil det komme egne rapporteringar gjennom dette prosjektet.

Merknader til søknaden Prosjektet er godt forankra gjennom politiske vedtak og planar i alle kommune. Det er og godt forankra administrativt i alle kommunane, gjennom rådmannsutvalet. Viser til dokumentasjon ved søknad 2017.

Budsjett

Inntekter

Søknadsbeløp

Inkludert ubrukt tilskot.

2 200 000

Ubrukt tilskot

0

Beløpet skal også inkluderast i søknadsbeløpet. Dersom Helsedirektoratet innvilgar tilskot, vil vi trekkje frå beløpet ved utbetaling.

Utgifter

Lønsutgifter med sosiale utgifter 2 050 000

Reiseutgifter, arrangement, møte og konferansar 50 000

Konsulenttenester 0

Trykking, publikasjonar, kunngjeringar, utsending og distribusjonskostnader 0

Investeringar, inventar og utstyr

Kontroller i kunngjeringa om det blir gitt tilskot til dette. 20 000

Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester inkludert lokale og energi 80 000

Andre utgifter - Spesifiser Beløp

Sum utgifter

2 200 000

Andre inntekter

Eigenfinansiering; Kommunane vil yte eigenandelar på minst same nivå som det omsøkte beløpet, i form av frigjering av medarbeidarar, møteverksemd, deltaking i kompetanseutviklings-program, gjennomføring og kartlegging av brukarar, samordning av tenestetilbod, spreingsarbeid m.m.